



CRISTIN

Current Research Information System
In Norway

Oslo 10.04.2018

PRESSEMELDING

Fortsatt auke i publiseringsmengde og internasjonalt samarbeid

Auka i talet på vitenskaplege publikasjonar held fram. I 2017 vart det rapportert inn 25 033 vitenskaplege artiklar, bøker og bokkapittel. Dette er 1 441 fleire enn i 2016. Ca. halvparten av publikasjonane var eit resultat av eit internasjonalt samarbeid.

- Det vert publisert meir og det vert publisert meir internasjonalt. Dette er ei trend vi har sett heilt frå Cristin vart oppretta og vi fekk samla statistikk på dette, seier Marit Henningsen, fagleiar for Cristin-sekretariatet i Kunnskapsdepartementets tenesteorgan (KDTO).

Frå 2015 har også universitet og høøgskular fått ekstra utteljing for internasjonalt samarbeid. I 2016 auka delen av internasjonale publikasjonar litt meir enn åra før. Trenden med å publisere meir internasjonalt held fram for 2017-publikasjonar. Publiseringsmengde og internasjonalt samarbeid er to av dei områda publiseringsindikatoren ynskjer å stimulere.

Kvart år må institusjonar innan universitet- og høøgskulesektoren, forskingsinstituttsektoren og sjukehussektoren rapportere omfanget sitt av vitenskaplege publikasjonar til Kunnskapsdepartementet (KD) og Helse- og omsorgsdepartementet (HOD). Dette vert grunnlaget for delar av deira bevilling frå departementa.

Rapporteringa for 2017-publikasjonar vart avslutta 5. april. Resultata for alle tre sektorane er publisert på cristin.no. Dei offisielle talla for UH-sektor er publisert på nettsidene til NSD – Norsk senter for forskingsdata.

Faktaboks

Cristin (Current research information system in Norway)

- Det nasjonale forskningsinformasjons-systemet

- Verktøy for rapportering av vitenskaplege publikasjonar til KD og HOD

- Vert utvikla og forvalta av Kunnskapsdepartementets tenesteorgan avd. CERES

Kunnskapsdepartementets tenesteorgan

- Nytt direktorat frå 1.1.2018, med ansvar for digitalisering av forskning og høgre utdanning

- Fusjon mellom CERES, Bibsys og delar av Uninett

Se resultata på cristin.no

For meir informasjon:

Marit Henningsen, fagleiar for Cristin-sekretariatet. Mobil: 976 51 830; Kontor: 22 85 91 92